



SKAPARGLEDE

Januar 2022

Strategi 2022 – 2026

Sykkylven Næringsutvikling AS er kommunen sitt næringssselskap, organisert i eit aksjeselskap med kommune og industrilag som hovudeigarar. Formålet er å styrke og utvikle eksisterande og ny næringsverksemd i Sykkylven.

INNHOOLD

1. SELSKAPETS FORMÅL OG STRATEGISKE FORANKRING	1
2. MÅLSETTING FRAM MOT 2026	2
3. SYKKYLVEN NÆRINGSUTVIKLING SOM PÅDRIVAR	3
4. SYKKYLVEN NÆRINGSUTVIKLING SOM TILRETTELEGGJAR.....	5
5. KOMMUNALT NÆRINGSAPPARAT, SAMHANDLING.....	6

SYKKYLVEN NÆRINGSUTVIKLING AS

STRATEGI 2022 – 2026

1. SELSKAPETS FORMÅL OG STRATEGISKE FORANKRING

Selskapet sitt formål er å styrke og utvikle eksisterande og ny næringsverksemd i Sykkylven. Selskapet er eigd av kommune (52% av A-aksjane) og lokalt næringsliv (48% av A-aksjane).

SYKKYLVEN NÆRINGSUTVIKLING AS er kommunen si næringsavdeling med ansvar for oppfølging av kommunal næringsstrategi, og seljer i tillegg tenester til lokalt næringsliv som administrative tenester og prosjektleiing.

Kommunal næringsstrategi tar utgangspunkt i samfunnsplanen og definerer innsatsområde for næringsavdelinga.

SAMFUNNSPLANEN peiker ut tre sentrale arbeidsområde:

- 1) Entreprenørskap og nyskaping
- 2) Vekst og utvikling i eksisterande næringsliv
- 3) Tilrettelegging for nyetableringar

NÆRINGSSTRATEGIEN har hatt fire satsingsområde:

- 1) Robust næringsstruktur og berekraftig utvikling
- 2) Tilflytting og bulyst
- 3) Infrastruktur og velfungerande kommunikasjonar
- 4) Regionalt samarbeid og omdøme

Sykkylven fekk i 2021 status som omstillingskommune på bakgrunn av høg hjørnesteinsfaktor, einssidig næringsstruktur og tilbakegang i folketal over tid. Med brei lokal involvering blei strategi for ein meir robust næringsstruktur definert, med ekstra finansiering til auka aktivitet frå fylkeskommunen og KMD sitt omstillingsprogram i inntil seks år. Målsettinga er å skape og sikre 170 arbeidsplassar og bidra til ein meir robust og variert næringsstruktur, og gjere det attraktivt å bu og drive næring i kommunen.

I OMSTILLINGSPERIODEN vil ressursar for ekstraordinært næringsutviklingsarbeid fokusere på:

- 1) Skaparglede i næringslivet
- 2) Opplivingsnæringar
- 3) Samarbeid og nettverk, og
- 4) Attraktive Sykkylven

Organisering og koordinering av «ordinært næringsutviklingsarbeid» og «ekstraordinært næringsutviklingsarbeid» blir ivareteken i nyoppretta kommunalt næringsteam.

Næringsstrategien har i ein bredt forankra strategiprosess for Omstillingsprogrammet hausten 2020 blitt erstatta av Omstillingsstrategien 2021 – 2026.


2. MÅLSETTING FRAM MOT 2026

Styret sin strategiprosess hausten 2021 konkluderte med at selskapet framover skal vere ein katalysator, drivar og koordinator for viktige satsingar for lokalt næringsliv og legge til rette for og dra nytte av samarbeid med regionale miljø spesielt innan teknologi og reiseliv.

Sykkylven Næringsutvikling skal ha etablert ei industriklynge for teknologiutvikling i samarbeid med lokalt næringsliv og relevante samarbeidspartnarar regionalt og nasjonalt.

Selskapet skal jobbe for å sikre langsiktig og forutsigbare rammevilkår for drift av selskapet.

Omstillingsperioden varer i inntil seks år, med midlar til auka aktivitet og tilrettelegging av bistand til lokalt næringsliv. For å ivareta felles behov i næringa vil Sykkylven Næringsutvikling i perioden prioritere å jobbe for etablering av strategiske satsingar som bidreg til betre rammevilkår for bedriftene framover, også etter at omstillingsperioden er over.



3. SYKKYLVEN NÆRINGSUTVIKLING SOM PÅDRIVAR

Pådrivarrolla inneber strategisk arbeid for å kunne ivareta relevante tilbod til lokale bedrifter med oversikt over, og i samarbeid med, regionale og nasjonale innovasjonsmiljø for vekst og utvikling.

Fylkesstrategi for forskning og innovasjon 2021-2024 «Samarbeid for vekst» vektlegg samspel og involvering av aktørar frå næringsliv, kommune, forskingsmiljø og verkemiddelapparat utforma med bruk av metodikken «Smart spesialisering». Ein skal avdekke særskilte kunnskaps- og konkurransefortrinn i regionen, og korleis ein kan realisere desse. **Eksport, digitalisering og berekraft er sentrale tema.**

«Smart spesialisering» inneberer:

1. Stiforlenging (path extension) - bli betre på det ein alt er god på
2. Stifornyng (path renewal) – bruke det ein er god på til å bygge ny næring
3. Stioppretting (path creation) – bygge heilt ny næring som ikkje har direkte slektskap til eksisterande næringer

Dei dominerande næringane med regionale fortrinn er i tillegg til maritim og marin sektor **møbel og ferdigvare**, kor fylket sysselsett rundt 40% av tilsette i norsk møbelindustri.

Ekornes er vår hjørnesteinsbedrift, med høg del eksport og ca. 1 300 tilsette i kommunen. Møbel og ferdigvare-bedrifter har samarbeida i klynga Norwegian Rooms, som i 2022 vert organisert i eit større samarbeid med lokale Møbelkraft, 3D-Knitting & Technology, Fashion Hub/Norwegian Fashion & Textile Agenda (NF&TA) og Designindustrien/Norsk Industri herunder også Teko-industrien. Det nye samarbeidsorganet har fått namnet PlussLab, med adresse Oslo og Sykkylven. Sykkylven Næringsutvikling har delteke i etableringa av det nye selskapet, som vi ønskjer å dra nytte av for lokale og regionale møbelbedrifter i Møre og Romsdal. Marknadsorientering, berekraft og sirkulære forretningsmodellar, design og produksjon er tre hovudsatsingsområde i arbeidet med å styrke bedriftene si konkurranseevne.

Auka grad av automatisering representerer eit stort potensial i industrien. Tunge oppgåver kan automatiserast og erstattast med meir interessante og varierte arbeidsoppgåver, til dømes drift og vedlikehald av robotane. Automatisering opnar og moglegheitene for å hente tilbake produksjon frå lågkostland. Automatisering og heimhenting av produksjon er også viktig for meir berekraftig verdiskaping. Nasjonalt ligg Norge langt etter i robotutvikling med låg robottettheit. Jamfør IFR World Robotics er Norge rangert som nr 43 i verden i tal industrirobotar som er i operativ drift med totalt 1 200 stykk. Per 10 000 tilsette er det i Noreg 51 robotar. Tilsvarande tal i Tyskland er 301, Sverige 223 og Danmark 211. I Sykkylven er det 190 industrirobotar i drift, som gir ein robottettheit på 262. Det representerer om lag 16% av alle industrielle robotar i Norge. Det bør utnyttast både til «stiforlenging» og «stifornyng», noko 3D-Knitting & Technology og Innovern er gode døme på.

Det fylkeskommunale programmet **Skaparkraft 2022-2032** skal styrke eksportnæringane gjennom ei spissa satsing på grøne industrielle løft, kompetanse, teknologi og energi med ei økonomisk ramme på 15 millionar kroner årleg.

Sykkylven Næringsutvikling skal bidra til å styrke kommunen sitt omdømme som Noregs fremste teknologikommune. I samarbeid med industrien, academia, skule og verkemiddelapparatet skal vi dra nytte av moglegheitene i lokal teknologi-kompetanse for berekraftig vekst og utvikling innan etablerte og nye næringer.

Reiseliv er også utpeika som ei dominerande næring i fylkesstrategien, med spesielt mange besøkande i sommarsesongen. **Heilårstilbod, berekraftige konsept, varierte opplevingar med natur og kultur** er nokre stikkord. Gardsopplevingar, lokalmat og -drikke, er ei viktig del i vår kulturformidling.

Sunnmørsalpane Skiarena Fjellsætra er den største turistattraksjonen i vår kommune i dag, og vert drive delvis kommersielt, delvis på dugnad. Sykkylven ligger ved foten av Sunnmørsalpane, i ein region med eineståande naturressursar, verdsarvfjord og alpine fjell, landskapsvernområde og nasjonalparker. Naturbasert turisme blir stadig meir populært og kulturturisten er ein av dei turistgruppene som veks hurtigast. Kombinasjonen av dei to er viktig for å skape gode heilskaplege opplevingar.

Utfordringa for Sykkylven er at vi ikkje har ein tydeleg profil, det er få synlege og salbare produkt («i hyllene») og få kommersielle aktørar. Som del av strategiprosessen for Omstillingsprogrammet, og på bakgrunn av mange innspel om at Sykkylven burde satse på reiselivsutvikling, ble forstudie (kartleggingsfase) i ein reisemålsprosess igangsett hausten 2020 og vidareført i eit forprosjekt (strategifase) hausten 2021. Formålet er å definere felles mål og strategi som viser korleis vi skal jobbe med utvikling av opplevingsnæringane framover. -Et verktøy som skal hjelpe oss å samordne innsatsen, tid og pengar, skildre tiltak og aktivitetar som vi ønskjer å gjennomføre på kort og lang sikt, og sørge for at vi får dei ønska gjestane, på rett stad til rett tid. Strategien, eller masterplanen, skal ligge til grunn for neste steg når vi skal gå frå ord til handling, finansiere og gjennomføre tiltak.

På vegne av kommunen og Omstillingsprogrammet har Sykkylven Næringsutvikling fått rolla som prosjektansvarleg i masterplanprosessen, som er venta ferdigstilt hausten 2022. Satsing på opplevingsnæringar er i stor grad «stioppetting» med utvikling av ny næring i Sykkylven, og «stifornying» i samspel med våre nabokommunar Stranda, Fjord og Ålesund som er meir etablerte reiselivsdestinasjonar.

Sykkylven Næringsutvikling er prosjektansvarleg i reisemålsutviklingsprosessen, som skal bidra til ein heilskapleg plan for samordna utvikling av Sykkylven som heilårleg og berekraftig reisemål i eit lokalt og regionalt samarbeid.

«Ein god stad å bu er ein god stad å besøke.»

4. SYKKYLVEN NÆRINGSUTVIKLING SOM TILRETTELEGGJAR

Tilretteleggjarrolla inneber proaktivt arbeid med tiltak retta mot nyetablerarar, bedrifter og nettverk.

Berekraft er eit gjennomgåande prinsipp i regjeringa og Fylkesforvaltarens forventningar til kommunal planlegging. Det vert mellom anna peika på forventning om å skape berekraftig velferdssamfunn, både økonomisk, miljømessig og sosialt. I all vår aktivitet skal berekraft stå sentralt, både med omsyn til rettleiing og finansiering. Berekraft vurderast i samsvar med FN's definisjon, og av dei 17 berekraftmåla vil vi spesielt fokusere på:

- 8. Anstendig arbeid og økonomisk vekst
- 9. Industri, innovasjon og infrastruktur
- 17. Samarbeid for å nå måla

Også berekraftmål 4. God utdanning, 11. Berekraftige byer og lokalsamfunn og 12. ansvarleg forbruk og produksjon er viktig i vårt arbeid. For ansvarleg produksjon er berekraft i heile verdikjeda relevant.

Det er viktig å **skape eit engasjement for berekraftig utvikling**, for auka bevisstheit og hjelp til kompetanseheving og implementering av aktuelle sertifiseringsordningar i lokale verksemder. Det er óg eit uttalt behov frå mange bedrifter og medlemmar i industrilaget. Sykkylven Næringsutvikling vil dra nytte av regionalt og nasjonalt nettverk i dette arbeidet, ta initiativ til å kartlegge behov, innhente kompetanse og foreslå ulike løysingar avhengig av bedriftene sine behov for berekraftig utvikling.

Vårt tenestetilbod er rettleiing for gründerar som Hoppid-kontor, rettleiing for bedriftsutvikling i samband med forvaltning av kommunalt næringsfond. Den fylkeskommunale gründeratsinga gjennom Hoppid nyttar Lean Business som verktøy, som ikkje er heilt ulikt Business Model Canvas (BMC) som Innovasjon Norge nyttar. Vår samarbeidspartnar gjennom Regionalt partnerskap Sunnmøre; ÅKP, nyttar MIT sin modell, som er eit enda meir gjennomgripande og detaljert verktøy for forretningsutvikling. Det finns mange ulike modellar og verktøy, og vi brukar primært Lean Business og BMC til innleiande rettleiing. Ei viktig rolle er hjelpe bedrifter i å sortere aktuelle offentlege verkemiddel, og vurdere kor dei kan få best mogleg hjelp på vegen. Innovasjon Norge er ein sentral samarbeidspartnar. Vi vil fortsette å tilretteleggje kompetansehevande tiltak, kurs og seminar. I omstillingsperioden vil desse aktivitetane koordinerast tett med omstillingsprogrammet, i tillegg til dei andre regionale aktørane.

SkaparLINKEN opnar i januar 2022 og skal vere ein lokal møteplass for lokale gründerar, bedrifter, kommune, eldsjeler, skule, besøkande og dei som treng eit fellesskap for å arbeide ilag med andre. Sykkylven Næringsutvikling vil drifte møteplassen, som skal vere ein arena for nyskaping, kompetanse- og erfaringsutveksling.

Sykkylven Næringsutvikling er kommunen si førstelineteneste, med Hoppid-kontor som gir rettleiing og økonomisk starthjelp til gründerar. Vi forvaltar kommunalt næringsfond for lokale vekstbedrifter. Vi samarbeider regionalt med ÅKP, Møre og Romsdal Fylkeskommune, Statsforvaltaren, Innovasjon Norge og NTNU.

Med vår nye møteplass SkaparLINKEN ønskjer vi, som Noregs fremste teknologikommune, å jobbe for å bli ein regional aktør i SIVA sitt næringshageprogram.

5. KOMMUNALT NÆRINGSAPPARAT, SAMHANDLING

Kommunen si rolle som tilretteleggjar for næringsutvikling representerer ein sentral del av kommunen sitt engasjement og ansvar innan samfunnsutvikling jmfør kommunelova § 1-1. Oppgåvene knytt til næringsutvikling kan delast opp i tre område: forvaltningsrolle, produsentrolle og entreprenørrolle.

Forvaltningsrolla inneberer mellom anna arealplanlegging og byggehandsaming, men også forvaltning av bedriftsretta finansieringsordningar som kommunalt næringsfond og dei siste åra kommunal kompensasjonsordning som vert ivareteken av Sykkylven Næringsutvikling.

Produsentrolla består av rettleiing, rådgjeving og andre tenestetilbod, som vert ytt av fleire; Sykkylven Næringsutvikling, Tekniske Tenester og Servicetorget.

Entreprenørrolla vert ivare tatt gjennom til dømes ved å initiere og gjennomføre utviklingsprosjekt i samarbeid med næringslivet, utvikle og følgje opp strategiske planar, delta aktivt på lokale næringslivsarenaer, gjennomføre bedriftsbesøk mm. Sykkylven Næringsutvikling har ivareteke denne rolla gjennom initiativet til å få omstillingsstatus, igangsetting av reisemålsutviklingsprosess, etablering av faste møteplassar, gjennomføre tiltak for industrilag og handelsforening, gjennom tilrettelegging av bedriftsretta kurs og seminar. Omstillingsprogrammet ivaretek no fleire av dei bedriftsretta tiltaka, mens Planavdelinga har ei sentral rolle for sentrumsutvikling som også er viktig for lokal næringsutvikling og bulyst. Samarbeid med ÅKP for å bli inkubator-node og dialog med fylkeskommune og Siva for etablering av ein teknologi-næringshage er to strategiske utviklingsprosjekt som vi ønskjer å prioritere framover. Elles er samarbeid og erfaringsutveksling med andre kommunar i fylket nyttig.

Det er viktig med god rolleavklaring godt forankra både i den politiske og administrative leiinga i kommunen. Vårt arbeid må vere godt koordinert med spesielt Omstillingsprogrammet, Tekniske Tenester, Landbruksavdelinga, Servicetorget, Planavdelinga og Økonomiavdelinga. Vedtektene til Sykkylven Næringsutvikling definerer styrerepresentasjonen i selskapet, med representasjon frå Sykkylven kommune og Sykkylven Industri- og Næringslag. Prosjekt Næringsvenleg kommune har avdekt behov for enda betre koordinering mellom næringssselskap og kommuneadministrasjon, noko nyoppretta Næringssteam skal ivareta. Slik kan mellom anna inngåing av regionale samarbeidsavtaler og oppfølging av desse bli enda betre. Det vil vere bra om vi kan dra best mogleg nytte av ressursar med kompetanse innan ulike fagfelt framfor å tildele ansvar etter avdeling. Sykkylven Industri- og Næringslag er ein sentral aktør i arbeidet med å jobbe for gode rammebetingelsar og infrastruktur for lokalt næringsliv.

For å sikre moglegheitene for langsiktig arbeid i næringssselskapet er økonomisk forutsigbarheit avgjerande. Difor er det viktig å vidareføre langsiktige avtalar med eigarane, som bidreg med årlege driftstilskot. I tillegg bidreg tenestetal til å dekke faste kostnader, og prosjektfinsiering til gjennomføring av fleire fellestiltak.

Selskapet sine årsrapportar skal oppsummere prioriterte tiltak gjennom året, som selskapet sitt styre vedtek og følgjer opp i styremøta. Nokre oppgåver er fastlagte, mens andre tiltak vert prioritert etter behov som oppstår gjennom året.

Sykkylven Næringsutvikling skal bidra til god samhandling med kommuneadministrasjon, politikarar og regionale samarbeidspartnarar, for slik å oppnå best mogleg tilrettelegging av lokalt næringsutviklingsarbeid.